

Hardangervidda Grunneigarsamskipnad (HG)

Hønefoss, 08.04.2018

N.B.Vistad, tlf. 90033113, nbjoer-v@online.no

REFERAT FRÅ STYREMØTE 06.04.2018

Gaustadblikk Høgfjellshotell, Tinn

Til stades: Per Helge Sekse, Stein Werpe, Odd Gunnar Vikan, Torgils Eide, Johan Vaa, Robert Pedersen, Anve Myklatun, og Nils Bjørn Vistad (sekr.).

Sak 1. Reiseskjemagjennomgang

Rutinesak.

Sak 2. Gjennomgang av årsmøtesakene

Gjennomgang av alle enkeltsaker og fordeling av gjennomføring i årsmøtet. Iflg. valnemnda er det styreendringar i Tinn og nye valkomitemedlemmer for Buskerud

Vedtak: Til etterretning.

Sak 3. Kontingentrestansar

God kontingentinnang i meldingsåret (2017), bare ein uteståande.

Vedtak: Styret er tilfreds med kontingentsituasjonen. Odd Gunnar avklarar endeleg/rett adresse for Østsida Utmarkslag i Nore og Uvdal.

Sak 4. Kasserarskifte

Kasserar (Kit Flaata) har meldt ynskje om utskifting. Saka drøfta i styret.

Vedtak: Ein ser heslt at Kit held fram, då det er av stor verdi at både kasserar og rekneskapsførar bur i same bygd. Alternativt stiller sekretær som reserve.

Sak 5. Debatt om økonomien

I meldingsåret har HG gått med underskot. Grunna solid bankkonto er dette ufarleg på kort sikt men gjev grunn til ettertanke.

Vidare var det varsla eit innspel i møtet om større fokus på kontingentbeløpet for dei største medlemmene. Slikt innspel kom ikkje, men styret ser det rett å vurdere om det kan vera grunnlag for

arealrabatt utover ei viss arealgrense.

Sekr. synte ein graf (enkel statistikk) over kostnadsutviklinga på hovudpostane siste 30 år:

Styrekostnader og Villreinutvalskostnader har auka mykje (særleg etter 2010), fremmedkostnadene (rekneskap og heimeside) ligg flatt og sekretærkostnadene har gått ned.

Vedtak: Styret vil sjå nærare på kontingenten i høve dei største einskildmedlemmene, men ser og at samla kontingentinnang ikkje bør vera særleg mindre.

Sak 6. Kontrollkortordninga

Miljødirektoratet har varsla fjerning av kontrollkort i alle villreinområder. For Hardangervidda ser ein dette som sær uheldig, då kontrollkorta er avgjerande viktig for kontroll, oversikt og statistikk. Dette har ikkje noko med misstru til jegerane, men er avgjerande for god forvaltning i eit slikt

område som Vidda.

Styret har sendt eiga uttale til direktoratet og elles kontakta både Norges Skogeierforbund og Norges Bondelag for støtte i saka.

Nyss før fagmøtet (neste dag) har Miljødirektoratet varsla at kontrollkort vil bli nytta også dette året (2018), men spørsmålet er ikkje lagt bort! Temaet blir tatt opp på fagmøtet dagen etter.

Vedtak: Ein registrerer at dei mange motsegner fekk direktoratet til å snu denne gong, men ser at saka vil kome opp att.

Sak 7. Generelt om villreinforvaltinga

Leiar innleidde om saka. Det er krevande å ha «rett» oversikt over dyretalet på Vidda, mellom anna avdi det er så få gode telgjedagar i løpet av året og at naturleg dødleghet varierer så mykje. Med store tal blir det også fort store utslag.

Driftsplanen er «trong» når ein både vil ha god jakt og god bestandsvekst, samstundes som dei siste telgjingane viser færre dyr enn ein trudde. Styret aksepterer at det er rett å arbeide mot eit bestandsmål på 12000 dyr. Telgjingane viser bestand på 7000 dyr før kalving i vår.

Vedtak: Styret har varierende syn i denne saka, men meiner samla at bestanden skal opp og forhold seg til eit «måltal» på 12000 dyr. Ein støtter også Villreinutvalet sitt framlegg om jaktvote på 1500 dyr hausten 2018, og at kalven skal ha eige kort. Det er også viktig å ta ut noko mange dyr av omsyn mange nok skrantjuke-prøver!

Sak 8. Rullering av «Regional plan»

VISA-rapporten frå 2004 konkluderte med at alle villreinområder skulle ha ein regional plan. Den fyrste vart utarbeidd for Hardangervidda i 2008. Den er ikkje juridisk bindande, men ein ventar at den blir gradvis innarbeidd i lokale planer. Arbeidet blir leia av ei politisk styringsgruppe, samt av eit administrativt fagutval.

HG har spela inn ei rekke moment til planprogrammet, som nett er godkjent. Her fekk vi gjennomslag for det meste, men ikkje ynskjet om at HG og Fjellstyra burde ha plass i fagutvalet.

Vedtak: Både HG og Villreinutvalet vil fylgje med i denne saka vidare.

Sak 9. DNT-prosjektet «Søre Normannsslepa»

DNT-Drammen og Oppland har fremma ynskje om meir bruk av Søre Normannsslepa, gjennom varding, løypejustering, skilting, oppslagstavler, informasjon og markedsføring m.v. Slepa går rett gjennom det viktige «restområdet» i Tinn/Vinje, der det i dag er relativt lite trafikk. Det er sterk uvilje mot eit slikt prosjekt, som bare vil vere til ulempe for reinen.

På eit informasjonsmøte DNT heldt i Eidfjord i november i fjor, kom dette så klart fram, at ein trur prosjektet er skrinnlagt (før det er starta).

Vedtakk: En tek saka til etterretning.

Sak 10. Skrantesjuken

Utskytinga i Nordfjella er slutført. Resultatet viste til slutt 18 sjuke dyr (viser at total avskyting var det einaste rette!). Prøveprogramma frametter er så omfattande at ein reknar med å kunne fylgje vidare eventuell utvikling tett nok.

Vedtak: Ein fylgjer med saka, og støtter Mattilsyn/Veterinærinstitutt i dei tiltak som måtte kome.

Sak 11. Villreinen som verdiskapar (prosjekt)

Miljøverndepartementet har stilt midler til rådvelde for dei som vil freiste nytte «villreinfjellet» i nærings samband. Buskerud Fylkeskommune har laga seg eit prosjekt samla for Nordfjella og Hardangervidda, særleg innreidd mot turisme/reiselivsbedrifter rundt Vidda. Fylkeskommunen har engasjert konsulentfirmaet «Mimir» (Larvik) til å stå for jobben,- og dei freistar «selge seg inn» nett no. HG-styret handsama sak i haustmøtet sitt, og konkluderte at ein såg begrensa nytte for sine medlemmer, men det blir sjølv sagt opp til dei ein skilte å engasjere seg ifall lyst og behov.

Vedtak: HG ser begrensa nytte i prosjektet «Villreinen som verdiskapar». Sekretær vil delta på eit fyrste aktørmøte/infomøte på Villreinsenteret, Skinnarbu, 11.04.18, å vera merksam i framhaldet dersom noko skulle kunne vere aktuelt.

Sak 12. Anna

Adresseendringar

Endringar blir med ujevne mellomrom (2-3 gonger i året) retta opp på våre heimesider, og sjølv sagt løpande i alle praktiske arbeidsregistre. Ta kontakt med sekretær eller lokalt styremedlem om endringar melder seg.

DAB-dekning på Vidda

HG vil ta eit initiativ i høve den dårlege dekninga (DAB-radio), gjerne i samråd med Fjellstyra. Sekr. har avtalt møte med Georg Gjøstein og Sveinung Hylland dagen etter.

Forvaltingsmøte på Finse i vår

I samband med innkalling til felles forvaltingsmøte for alle aktørar på Vidda, vil fylkesmennene nå gå attende til ordninga med «lukka møte» for dei offentlege/politiske partane i forkant av fellesmøte for alle. Dette reagerer HG og Fjellstyra på, og sender eit brev om saka til FM Buskerud. Det må vera eit kurant krav å openhet og innsyn i det arbeid myndigheitane driv med på våre eiger.

Nils Bjørn Vistad
skrivar